

Fra: Anne-Karin Løken (anne-karin.loken@ks.no)

Sendt: 27.10.2016 10:44:11

Til: Hordaland Fylkeskommune - Postmottak; Bergen kommune; Etne kommune; Sveio kommune; Bømlo kommune; Stord kommune; Fitjar kommune; Tysnes kommune; Kvinnherad kommune; Jondal kommune; Odda kommune; Ullensvang herad; Eidfjord kommune; Ulvik kommune; Granvin kommune; Voss kommune; Kvam kommune; Fusa kommune; Samnanger kommune; Os kommune; Austevoll kommune; Sund kommune; Fjell kommune; Askøy kommune; Vaksdal kommune; Modalen kommune; Osterøy kommune; Meland kommune; Øygarden kommune; Radøy kommune; Lindås kommune; Austrheim kommune; Fedje kommune; Masfjorden kommune

Kopi: Fylke Hordaland; Fylke Sogn og Fjordane; Helene Arholm

Emne: Invitasjon til utviklingsprogrammet Den gode barnehage- og skuleeigar

Vedlegg: image001.gif

Vi ber om at e-posten blir vidaresend til: Ordførar, rådmann, kommunalsjef, skulesjef, barnehagesjef, oppvekstsjef, HR-/personalnettverk.

KS, Fylkesmannen, Hordaland fylkeskommune, Glød- og Gnist-nettverka inviterer
kommunane til
utviklingsprogrammet Den gode barnehage- og skuleeigar
2017–2018

Stad: Bergen

Målgruppe: Ordførar, rådmann, kommunalsjef, skulesjef, barnehagesjef, oppvekstsjef, HR-/personalnettverk.

Korleis kan kommunane og fylkeskommunen saman utvikle eit heilskapleg opplæringsløp for alle barn og unge, slik at vi som samfunn lukkast med formålet i barnehagelova og opplæringslova?

Lovene seier at "opplæringa i skole og lærebedrift skal, i samarbeid og forståing med heimen, opne dører mot verda og framtida og gi elevane og lærlingane historisk og kulturell innsikt og forankring".

Korleis kan vi som barnehageeigarar og ansvarlege for tilbodet i barnehagane, fremje gode kvalitetsbarnehagar der born trivst og utviklar seg i tråd med sine føresetnader?

Korleis kan vi som skuleeigarar fremje opplæring med faglege, kulturelle og sosiale kvalitetar, som gir elevane meistring, læring og eit godt sjølvbilete i eit helsefremjande miljø - der fysisk og psykisk helse inngår som ein naturleg del av heilskapen?

Vi kan berre lukkast dersom politisk eigarskap er basert på kunnskapsbaserte fakta og samhandling med andre partar i barnehage og skule, - for felles mål.

Programmet "Den gode barnehage- og skuleeigar" er eit tiltak for å realisere måla i KS sin eigarstrategi for barnehage og skule. Programmet skal også betre føresetnadene til å gjennomføre nasjonal barnehage- og utdanningspolitikk.

Programmet går over tre samlingar med ei erfaringssamling i etterkant.

1. samling: 23.-24. mars 2017 – Grand Hotel Terminus, Bergen

2. samling: 3.-4. oktober 2017 – stad ikkje fastsett

3. samling: våren 2018

Erfaringssamling: våren 2019

Meir informasjon og høve for påmelding finn du her: <http://www.ks.no/kalender/hordaland-den-gode-barnehage--og-skuleeigar/>

Merk: Ved påmelding forpliktar ein seg til å delta i heile utviklingsprogrammet.

Påmelding: 15. desember 2016

Med venleg helsing

Anne-Karin Løken

Konsulent region Vest-Norge

Consultant

E-post E-mail: anne.karin.loken@ks.no

Telefon Phone: (+47) 24 13 26 00

Mobil Cellular: (+47) 95 48 80 99

<http://www.ks.no>



KOMMUNESEKTOREN SIN ORGANISASJON
The Norwegian Association of Local and Regional Authorities